



FJORDINGEN

Ansvarlig redaktør
Bengt Flaten

Kommunesamarbeid

Fylkesmann Oddvar Flæte har vore i Nordfjord og snakka med leiande politikarar og byråkratar. Overfor ein lyd-høyr forsamling tok Flæte til orde for tettare og meir omfattande samarbeid mellom kommunane. Fylkesmannen seier samarbeid kan omfatte alt med unntak av barnehage, skule, pleie og omsorg.

Mange kan spørje seg om ikkje desse tunge postane er det viktigaste kommunen styrer med, og at det dermed vert lite att å samarbeide om. Svaret på første spørsmål er ja, fordi barnehage, skule og pleie og omsorg er dei tenestetilboda som er viktigast for innbyggjarane i kvar dagen. Men kommunane styrer med mykje anna der det er mogleg å hente ut store innsparingar ved å samarbeide. Kommunane

har allereie etablert samarbeid innan IT-funksjonar og til ein viss grad også på teknisk sektor. Likevel er det mogleg å gå lenger. Innan det private næringsliv og også ein del område innan det offentlege er til dømes økonomi- og lønningssystem sentraliserte. Ut frå den enkle tanken at slike oppgåver

handlar om kompetanse og kapasitet til å utføre konkrete oppgåver. Oppgåver som ikkje har noko med den kommunale drifta overfor innbyggjarane å gjere. Det spelar ingen rolle kvar dei tilsette får løna si frå, så lenge systemet fungerer. Dermed kan dette vere neste prosjekt for Nordfjordkommunane, med det mål at samarbeid mellom mange kan frigjere ressursar for den enkelte kommune til å gje betre tenestetilbod.

Fylkesmann Flæte gjekk ikkje i den fella å ta til orde for kommunesamanslåing i Nordfjord. Sjølv sagt fordi dette er eit politisk spørsmål, men truleg like mykje fordi Flæte veit at eit slikt forslag ville skape meir motstand enn begeistring. I ei tid der vegutbygging dessutan vil skape nye regionar, ville det vere meningslaust å gjere strukturelle grep i dag som kanskje viser seg å vere feilslått om nokre få år.

Indre Nordfjord har allereie prøvd seg på kommunesamanslåing, utan at mange vil hevde det var spesielt vellukka. Dersom kommunane klarer å hente ut skikkeleg effektivisering gjennom meir målretta samarbeid, trur vi små kommunar framleis er godt tenlege for å gje innbyggjarane gode tenestetilbod der dei bur.

Ei veke utan leiarar

Redaktøren reiser til skogs på elgjakt i haustferien. Dermed går det ei veke før vi er tilbake med leiarspalte.



aktuell =

Helge Skrivervik

Alder: 53

Bustad: Son i Akershus

Sivilstatus: Gift

Aktuell: Foredragshaldar på IT-forum i Sogn og Fjordane

IT-gründer
Helge Skrivervik.

- Slutt på generalistane

- Spesialisering er stikkordet også innan informasjon- og kommunikasjonsteknologi. Det er slutt på generalistane, seier teknolog og IT-gründer Helge Skrivervik.

Ove Sveen
ove.sveen@fjordingen.no

Helge Skrivervik, fødd og oppvaksen i Bruagrenda i Stryn, var sentral under det 13. IT-forumet som vart arrangert i Loen torsdag og fredag. Nær 250 deltok på seminaret. Mellom dei 70 ungdommar frå dei vidaregåande skulane i Sandane, Måløy, Førde og Eid. Fylket aktar å stå i fremste rekke i å utnytte IT i næringsliv, offentleg sektor og utdanningssystemet.

-Spesialisten har overteke

– Ja, det er slutt på generalistane. Det handlar om spesialisering både i IT og når du skal bygge deg hus. Sjølv gjort er desverre ikkje velgjort lenger, seier Skrivervik som torsdag hadde foredrag med tittelen «Bli med eller bli overkjørt». Saman med kona, Hanne Mellingen driv han i dag med trendanalyse i informasjonsteknologi der han prøver å «stille kompasset» for klientane.

– IT-forum Sogn og Fjordane gjer ein kjempejobb, og engasjementet her er enormt. Dei vil det beste for regionen sin som dei har eit eigarforhold til. Eg var her også på IT-forum

for fem år sidan og opplevde det same. Dette engasjementet finn vi ikkje i regionar der tilflyttingsstraumen er størst, seier Skrivervik.

-Interessert i teknikk

Korleis var det å vekse opp i Bruagrenda på -60-talet, og korleis kom du så tidleg inn i data-verda?

– Vi fekk noko gratis som mange ikkje får i dag, natur, miljø, tryggleik og folk som brydde seg. Desverre blir det stryketur berre ein gong i året. Har alltid vore interessert i teknikk, og dette førte meg til sivilingeniørstudium i Trondheim.

– Og kva skjedde vidare i karrieren?
– Det vart jobb i Oslo og deretter tre år i USA med studier og arbeid i næringslivet. Kontaktene, idéane og produktkunnskapen tok Skrivervik med seg heim til Norge og etablerte av Skrivervik Data i 1985.

Omsette for 300 mill. kroner

– Skrivervik Data i Oslo bygde han opp saman med kona Hanne

Mellingen om også i dag er uvurderleg partner i Team Melvik A/S. Skrivervik Data hadde 120 tilsette og 300 millionar kroner i omsetning, då dei to fann det best helsemessig å gjere noko anna. I tre år på rad hadde verksemda vore på toppen av bestseljarlista av dataprodukt.

– Det krevde mykje, og i 1993 måtte vi stikke fingeren i jorda etter mange års hardt arbeid. Vi ville ha livet tilbake. Tidlegare hadde Olivetti overteke selskapet, og vi fekk investeringsmidlar for å gå vidare med kunnskapsutvikling som er vår jobb i dag, seier Skrivervik.

Betenkt over rekruttering

Skrivervik seier at rekrutteringa i kunnskapsbransjen i dag desverre ikkje står i forhold til den generelle teknologi-interessa blant ungdom.

– Motivasjonen er på eit anna nivå enn den burde vere. Det har med måten kvardagen vår fungerer på. Krava kvar enkelt stiller til seg sjølv forvitrar desverre i høve til å vere ein bidragsytar for teknologien. IT-forum er ein utruleg viktig samlingsplass for regionen her. Her kjem teknologien til syne, og det er pågangsmot og samspel. Teknologien er ofte i vegen meir enn til hjelp. Det må vi overvinne.

FJORDINGEN

Postboks 248, 6781 STRYN

Sentralbord tlf. 57 87 45 00

Telefax: 57 87 45 20
Kontortid: 8.30 - 15.30 måndag - fredag

Vakttelefon redaksjon 40 40 21 40

E-post: redaksjon@fjordingen.no

Levering av dødsannonsar søndag kl. 17.00 - 18.00:
Tlf. 57 87 45 11

Ansvarleg redaktør/ dagleg leiar
Bengt Flaten

Tlf. 57 87 45 01/ mob. 90 20 12 30
Privat tlf. 57 87 95 66
E-post: bengt.flaten@fjordingen.no

Marknadsjef Ove André Aarskog
Tlf. 57 87 45 02
Mob. 91 86 20 02

Marknadskonsulent Elisabeth S. Lunde
Tlf. 57 87 45 09
Mob. 40 40 21 46

Adm. sekretær Mariann Nedre-Flo
Tlf. 57 87 45 00

Journalist Inge Fænn
Direkte tlf. 57 87 45 08
Priv. tlf. 57 87 79 67
Mob. tlf. 95 93 31 14
inge.fenn@fjordingen.no

Journalist Sigrid Heggstad
Direkte tlf. 57 87 45 06
Mob. tlf. 95 93 71 50
sigrid.heggstad@fjordingen.no

Redaksjonssjef Hans Holmøyvik
Direkte tlf. 57 87 45 07
Priv. tlf. 57 86 35 19
Mob. tlf. 41 62 51 25
hans.holmoyvik@fjordingen.no

Journalist Harald Vartdal
Direkte tlf. 57 87 45 05
Privat tlf. 57 87 96 43
Mob. tlf. 47 41 43 59
harald.vartdal@fjordingen.no

Journalist Ove Sveen
Direkte tlf. 57 87 45 10
Privat tlf. 57 87 16 03
Mob. tlf. 90 87 63 22
ove.sveen@fjordingen.no

Annonsesprisar:

Annonseside: Pr. modul kr. 422,-
Tekstside: Pr. modul kr. 626,-
Side 1: Pr. modul kr. 1162,-
Site side: Pr. modul kr. 876,-
Fargetillegg 4-farge: Pr. modul kr. 342,-
Linjerubrikk: Kr. 128,- inntil 5 linjer,
+ kr. 24,- for kvar linje utover dette.
25% rabatt på 2. innrykk.
Alle annonsesprisar eks. mva.

Abonnement 1/11-08 til 1/11-09:
Laussal kr. 15,- 1/1 år kr. 1250,-
1/2 år kr. 670,- 1/4 år kr. 390,-
PDF-abonnement: Pris som papirutgåva.